

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL LANDBRUKET I AUSTRHEIM kOMMUNE.

1. Føremål

Det kommunalt tilskotet til landbruket skal leggja til rette for og styrkja landbruksdrifta i Austrheim, og vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottek produksjonstilskot, eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen.

2. Bruk av midlane

Det er kommunestyret som kvart år avgjer om det skal løvvast tilskot til landbruksførmål og storleiken på dette.

Midlane skal i hovudsak nyttast til nydyrkning, grøfting, beiterydding og andre godkjende tiltak som kan betra driftstilhøva på jordbruksarealet. Landbruksvegar, tiltak for å hindra ureining, gje betre dyrkingstilhøve i eit endra klima. Midlane kan òg nyttast til kulturlandskapstiltak (både landskapsskjøtsel og bygningsvern) og fellesprosjekt for landbruket.

- Forbetring av dyrkingstilhøve i eit endra klima (klimatilpassing)
- Tiltak som reduserer avrenning til bekkar og vassdrag
- Nydyrkning- maks tilskot inntil 50 % - godkjent kostnad
- Dreneringstiltak- maks kr 30 pr meter
- Landbruksvegar – maks 50 % av kostnadoverslag
- Branngate rydding
- Ny gjerdeteknologi – no fence (ikkje fysiske gjerde) Maks tilskot kr 800/klave. Maks kr 15 000 pr. bruk
- Kulturlandskapstiltak:
 - Rydding
 - Lyngeheiskjøtsel, brenning/rydding
 - gjerdning
 - tilrettelegging for ålmenta (stiar/ferdselsvegar/gjerdeklyv/skilt/bord/benkar)

Satsar for eige arbeid: kr 350,-/time

Traktor/maskinarbeid: kr 500,-/time

Gravemaskin: kr 650,-/time

3. Forvaltning

Det er ein føresetnad for å koma inn under tilskotsreglane at produksjonen på landbrukseigedomen er i samsvar med gjeldande regelverk. Brukar må ha løyve til tiltaket, eventuelt at tiltaket ikkje treng løyve.

a) Krav til søknad

For å kunna søkja om kommunalt tilskot kan tiltaket vera byrja same år /eller ein søker på førehand. Søknaden må fremjast skriftleg innan 1. november kvart år, og på fastsett skjema. Søknaden må innehalde:

- Kva tiltaket går ut på, og nytten søkeren/bruket har hatt av tiltaket
- Kart og avmerking av område der tiltak skal skje
- Foto av området før tiltaket er byrja
- Opplysningar om søkeren
- Kostnadsoverslag og finansieringsplan

Søknad må sendast til Austrheim kommune. Felles landbrukskontor handsamar søknadane og lagar forslag til fordeling av tilskotet. Austrheim kommune sender ut vedtaksbrev.

Frist for ferdigstilling av arbeidet er inntil 3. år etter at løvyinga er gjeve.

b) Utbetaling

Før tilskot normalt kan utbetalast, må tiltaket vera gjennomført, og det må liggja føre skriftleg stadfesting på dette/gjerne med foto av gjennomført tiltak. For større tiltak kan det òg krejast godkjent rekneskap. Delutbetaling av tilskot kan etter søknad betalast ut tilsvarende i prosent av det som er gjort ferdig av det totale tiltaket, som det er gjeve tilskot til. Delutbetinga sin storleik avgjer landbrukskontoret.

Når arbeidet er ferdig, eller delvis ferdig skal felles landbrukskontor ferdiggodkjenna tiltaket, og sørga for at det er levert inn timelister og kopi av faktura. Felles landbrukskontor sender skriftleg brev om at utbetaling kan skje til Austrheim kommune som betalar ut tilskotet.

c) Misleghald

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtta, kan Austrheim kommune avgjera at tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis. Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.

d) Sakshandsaming og klage

Administrasjonen fremjer i ei politisk sak kva tiltak som skal prioriterast for tilskot, og ansvarleg politisk organ for landbruksaker gjer vedtak om tildeling. Kommunen står fritt til å vurdera tilskotsstorleiken innan gjeldande rammer. Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslova. Administrasjonen vil kunne gje nærmare rettleiing om klagehandsaming.